

Årsmøte for 2019

ØYSTESE JEGER- OG FISKARLAG KALLAR MED DETTE INN TIL ÅRSMØTE
TORSDAG 20. FEBRUAR 2020 KL 19:00 I VANGDALSÅSEN
(SEKRETARIATET MELLOM TRAP- OG SKEETBANA)

SAKLISTE:

1. GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTER
2. ÅRSMELDING
3. REKNESKAP
4. INNKOMNE SAKER
5. ARBEIDSPROGRAM 2020
6. KONTINGENT
7. UTVIDING AV VANGDALSÅSEN
8. BUDSJETT
9. VAL

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 Årsmelding frå Øystese jeger- og fiskarlag 2019

Årsmøtet for 2018 vart halde på Kontakten Kafé onsdag 20.02.2019. Styret har vore samansett slik:

Styreleiar: Cato Landsvik

Nestleiar: Ove Sandven

Kasserar: Tormod Lunestad

Skrivar: Knut Njaa

Varamedlem: Håkon Arne Laupsa

Leiar fiskestellsutvalet: Arvid Huun

Leiar jakt og viltstellsutvalet: Ove Sandven

Leiar elveutvalet: Leiv Sandven

Leiar jaktskyttarutvalet: Terje Langeland

Leiar kvinneutvalet: Tone Mo



Styret har sidan sist årsmøte hatt 7 styremøte og handsama totalt 25 saker. Som tidlegare år har mange av sakene vorte delegert utvala. Styret viser elles til årsmeldinga frå kvart enkelt utval og evaluering av arbeidsplanen.

Ord frå leiar: 2019 har vore nok eit godt år for ØJFL. Laget har vore aktivt delaktig i nærmiljøet med kultivering av fiskevatn, fiske- og jegerarrangement for unge og familiær, og ulike engasjement på viktige saker i heradet. Er framleis mektig imponert over alle dei dugnadstimane som vert utført, og det profesjonelle arbeidet som vert utført i alt ifrå bygginga til rekneskap. Me byggjer og driv også for framtidige generasjonar, og då skal vi og halde fram med miljøaspektet i det vi driv på med. No framover må vi spesielt følgje godt med på tilgjengelegheit på miljøvennleg ammunisjon, og etter leve ryddigheit før og etter arrangement. Det klarar vi godt!

Medlemstal:

Ved årsskiftet 2019-2020 var det 283 medlemer i laget, og dette er ein oppgang på fem frå sist år. Dette må ein sei seg nøgd med då året har vore prega av svært høg dugnadsinnsats med mykje arbeid konsentrert rundt skytebanene i Vangdalsåsen. Med tru på at me klarer få opp aktiviteten på fleire av felta me tradisjonelt har hatt aktivitetar under, bør eit mål på 300 medlemer ved neste årsskifte vera innan rekkevidde.

Ny skytebane

I godt samarbeid med Hardanger Sportskyttarklubb er det i 2019 utført eit betydeleg dugnadsarbeid med oppføring av ein ny skeetbane. Banen er snart klar for opning, og vil gje begge klubbane eit viktig tilskot for økt bruk og medlemsauke.

Rapportar frå utvala:

JAKT- OG VILTSTELLUTVALET

Leiar: Ove Sandven

Medlem: Alf Ekaas Sandven og David Neteland

Varamedlem: Terje Ljones

Hjortejakt

2019 er det sjette året me i Øystese jeger- og fiskarlag har tilbydd opplæringsjakt på hjort for medlemmer under 25 år. Etter å ha søkt Øystese aust grunneigarlag om forlenging av ordninga, fekk me dette. Nytt av året var at kvinner over 25 år også kunne delta i denne jakta. Me fekk eit løyve på ei kolle. Løyvet var heller ikkje i år knytt opp mot nokon grunneigar, men eit løyve me kjøpte av grunneigarlaget. Me klarte ikkje å gjennomføra noko drivjakt dette året. Det vart annonsert til medlemmene via tekstmelding, men ingen møtte.


Det er tydelegvis ein terskel å ta skyteprøven for ungdomen, men er nok og eit økonomisk spørsmål. Me har no gått til innkjøp av to storviltrifler til Øjfl (ei 30-06 og ei 308) til dette formålet, samt til rifleskytinga på jegerprøven. Det er i tillegg kjøpt 2stk salongrifler som vil verta nytta i samband med jegerprøven.

Me vil og søkja grunneigarlaget om at fyrstegongs jegerar på hjort som er over 25år kan vera med på denne jakta. Bør kanskje og vurdera om ein skal eigne kveldar med rifleskyting for ungdom i 2020.

Vart som tidlegare nemnt ikkje gjennomført drivjakt, det vart derimot jakta 6 kveldar på bøane etter kolla med opplæring ein til ein. Den vart ikkje skoten.

Jegerprøven

Jegerprøvekurset 2019 vart avvikla med god deltaking. Det var 21 stk. påmelde, pluss 1stk som berre tok eksamen, han hadde gjennomført kurset tidlegare. Kurset vart gjennomført på 2 langhelgar. Kurset vårt vart halde av Svanhild Aksnes Botnen og Ove Sandven, med assistanse fra Andor Helgheim. Han hjelpte til på den praktiske delen med hagleskytinga. Det var 22 som gjekk opp til eksamen. Resultatet er me godt nøgde med. 20 av 22 stod på fyrste forsøk. Dei 2 siste klarde det på andre forsøk. Me gratulerer, ynskjer lukke til og skitt jakt!



Rifleskyting i Vangdalsåsen



Jegerprøveteori på Kvam ungdomsskule

Laget har pr i dag 3 jegerprøveinstruktørar, Svanhild Aksnes Botnen, Ove Sandven og Andor Helgheim. Det er rom for fleire. Jegerprøven er ei av dei viktigaste rekrutteringskjeldene til laget. Dersom det er fleire som har lyst til å verta jegerprøveinstruktør, eller veit om nokon som kunne tenkja seg dette, ver venleg ta kontakt med ein i styret eller utvalet.

Lagskveldar

Utvalet har ikkje arrangert nokon lagskveld, me får prøva å koma sterkare attende. Viss det er nokon som har tema de meiner me burde teke opp er det berre å ta kontakt med utvalet.

for Jakt- og viltstellutvalet

Ove Sandven

ELVAUTVALET

Elvautvalet har i 2019 hatt fire samlingar. Det har ikkje vore stamfiske i år. Det var lite vatn i elva i stamfiskeperioden og eit defekt vassinntak til stamfiskehuset. Det er såleis i år ikkje sendt noko aure til Genbanken i Eidfjord.

I 2019 var fiskeperioden 1. juli til 1. september. Det vart sold totalt 45 døgnkort gjennom Vipps og MX-sportsbutikken. Det vart teke fire laksar (smålaks) og to sjøaure som vart sett ut i elva att. Fisken hadde lakselus. Fangst og rapport er sendt Fylkesmannen i Vestland.

Sjur Tarjei Fykse var på snorklesamling på Dale. I tillegg var han ØJFL sin representant på Kvamsøy i samband med tiltaket *Kvamsøy for alle*.

Utvalet har elles fått rydda langs elva ved idrettsplassen. Her har Kvam herad køyrt bort det som vart hogge. Vidare rydding vert frå Holmatun til Holmahølen.

Villfisklaget i Hardanger har elles utfordra dei som steller med elvane i fjorden til å sjå på betre gytemogleheter for sjøauren. For ØJFL sin del er det å sjå nærrare på Vikelva, Skårdalsbekken /Øyrabekken) og Laupsaelva.

Steinbrua over bekken på nordsida av Arbeidssamvirke er på plass att og vil no verta bolta fast. Brua er vesentleg for å koma til Lakshølen ved mykje vatn i storelva.

for Elvautvalet

Leiv Sandven

KVINNEUTVALET

Leiar: Tone Mo

Medlem: Sonja Fagerheim og Margunn Torpe

Vara: Anita Aalvik

Våren 2019 begynte me leirdueskytinga i Vangdalsåsen. Me hadde skyting kvar måndag frå 29. april til 27. mai. Me var 2 – 3 damer som møtte på kvar skyting. Me fekk god hjelp på nokre av treningane av instruktørane Jarand Dalatun og Olav Vidar Melstveit. Dette viste igjen på skytinga den kvelden.

Hausten 2019 begynte me oppatt med mandagsskyting, som fann stad frå 19. august til 30. september. Oppmøte var litt opp og ned, alt frå 1-5 damer som møtte.

Avslutninga for sesongen blei heime hos ein av damene på skytinga, me åt pizza og drakk brus.

Målet for 2020 er å få fleire damer frå fleire stader i kommunen med på leirdueskyting.

Rifleskyting for damer har ikkje vore arrangert i 2019. Dette må me få til i 2020.

Lagskvelder har heller ikkje vore arrangert i år. Dette må me få til i 2020.

for Kvinneutvalet

Tone Mo



FISKESTELLUTVALET

Leiar: Arvid Huun

Medlem: Torbjørn Toft, Frode Melstveit og Halvor Torpe

Fitjadalen

Tynningsfiske i Fitjadalen går sin gang. Det er teke opp 3622 aurar på til saman 251,1 kg.

Garna har vore i vatnet 21 netter + to kveldar med el-apparat og i snitt har me fått 157 fisk pr. natt, gjennomsnittsvekta blir 69,3g pr. fisk.

Elles har det vore mykje arbeid med å fiksa båtane. Me har no laga slipp ved Blekeld. Dette for å redusera slitasjen på båtane. Det er og grave utanfor slipp for ikkje å ta ned i vasstand.



Me har fiska to kveldar med elektrisk fiskeapparat som me prøvde på gytebekkane i forffor. Dette var effektivt då me tok ut mykje småfisk, men det krev låg vassføring.

Fugladalen

Det er teke opp 503 aurar på til saman 53,2 kg.

Garna har vore i vatnet sju netter og i snitt har me fått 72 fisk pr. natt, gjennomsnittsvekta blir 105,7g pr. fisk.



Garnfiske etter stor fisk med grovmaska garn må me sjølvsagt unngå, då dette motarbeider arbeidet vårt og er sjølvsagt ikkje tillate.

Nokre av nettene garna var sett ut, var det stor vassføring i elva og derfor mykje rusk i garna og lite fisk. Me har og arrangert fisking i Steinstøberget i samarbeid med Fiskesommer. Her var det litt lite oppmøte men dei som kom fekk mykje fisk og såg ut til å kosa seg.

for Fiskeutvalet

Arvid Huun

JAKTSKYTTARUTVALET

Rapport vert lagt fram på årsmøtet.

Sak 3 Rekneskap

Note om varelageret på banane

	Trapbanen	Viltnålbanen	Samla
Lagerstatus 31.12.19	kr 53 273,00	kr 35 145,30	kr 88 418,30
Lagerstatus 31.12.18	kr 29 707,00	kr 25 324,00	kr 55 031,00
Endring	kr 23 566,00	kr 9 821,30	kr 33 387,30

Saldobalanse 26.01.2020

	Saldo periodestart	Debet	Endringar i perioden		Budsjett	Saldo periodeslutt	Budsjett	Avvik
Kapital			Kredit	Budsjett				
1031 DNB, 7877 08 36726	72 787,55	647 744,89		526 602,13		193 930,31		
1035 SPV 3450.37.57623	986 503,85	500 287,08		1 428 857,23		57 933,70		
1100 Til gode	0,00	0,00		0,00		0,00		
1200 Til gode spelemidlar	363 660,24	987 383,04		17 715,00		1 333 328,28		
1210 Forskottert for Hard spsk	2 624,90	34 920,30		37 545,20		0,00		
Sum Kapital	1 425 576,54	2 170 335,31		2 010 719,56		1 585 192,29		
Gjeld/Eigenkapital								
2010 Skuldig/ubetalte rekningar	0,00	0,00		0,00		0,00		
2012 Forskot	-34 627,00	34 627,00		16 290,00		-16 290,00		
2100 Lån SPV 3622.36.63685	-750 000,00	100 000,00		0,00		-650 000,00		
2110 Lån frå Kvam Herad	0,00	0,00		183 285,00		-183 285,00		
2910 Eigenkapital	-640 949,54	0,00		94 667,75		-735 617,29		
Sum Gjeld/Eigenkapital	-1 425 576,54	134 627,00		294 242,75		-1 585 192,29		
Jakt og Viltstellutvalet								
3100 Drift JVU	0,00	833,00	kr 2 000,00	0,00	kr 0,00	833,00	kr 2 000,00	kr-1 167,00
3150 Jegerpreven	0,00	13 841,54	kr 15 000,00	34 794,00	kr 25 000,00	-20 952,46	kr-10 000,00	kr-10 952,46
Sum Jakt og Viltstellutvalet	0,00	14 674,54	kr 17 000,00	34 794,00	kr 25 000,00	-20 119,46	kr-8 000,00	kr-12 119,46
Jaktskyttarutvalet								
3600 Drift JSU	0,00	0,00	kr 5 000,00	0,00	kr 0,00	0,00	kr 5 000,00	kr-5 000,00
3700 Stemne/Trening Hagle	0,00	134 468,41	kr 80 000,00	131 351,39	kr 100 000,00	3 117,02	kr-20 000,00	kr 23 117,02
3800 Stemne/Trening Rifle	0,00	68 387,85	kr 90 000,00	95 493,59	kr 110 000,00	-27 105,74	kr-20 000,00	kr-7 105,74
3900 Drift/oppgradering banar	0,00	129 630,80	kr 75 000,00	22 868,75	kr 18 000,00	106 762,05	kr 57 000,00	kr 49 762,05
Sum Jaktskyttarutvalet	0,00	332 487,06	kr 250 000,00	249 713,73	kr 228 000,00	82 773,33	kr 22 000,00	kr 60 773,33
Elveutvalet								
4100 Drift EU	0,00	0,00	kr 5 000,00	0,00	kr 0,00	0,00	kr 5 000,00	kr-5 000,00
4200 Fiskekort elva	0,00	918,00	kr 500,00	3 056,94	kr 1 500,00	-2 138,94	kr-1 000,00	kr-1 138,94
Sum Elveutvalet	0,00	918,00	kr 5 500,00	3 056,94	kr 1 500,00	-2 138,94	kr 4 000,00	kr-6 138,94
Fiskestellutvalet								
4600 Drift FU	0,00	0,00	kr 2 000,00	0,00	kr 0,00	0,00	kr 2 000,00	kr-2 000,00
4700 Fiskekort fjellet	0,00	3 879,00	kr 4 800,00	12 929,97	kr 16 000,00	-9 050,97	kr-11 200,00	kr 2 149,03
4800 Kultivering Fitjadalen	0,00	36 604,50	kr 15 000,00	30 331,00	kr 10 000,00	6 273,50	kr 5 000,00	kr 1 273,50
Sum Fiskestellutvalet	0,00	40 483,50	kr 21 800,00	43 260,97	kr 26 000,00	-2 777,47	kr-4 200,00	kr 1 422,53
Kvinneutvalet								
5100 Drift KVU	0,00	3 000,00	kr 8 000,00	4 294,00	kr 8 000,00	-1 294,00	kr 0,00	kr-1 294,00
Sum Kvinneutvalet	0,00	3 000,00	kr 8 000,00	4 294,00	kr 8 000,00	-1 294,00	kr 0,00	kr-1 294,00

Saldobalanse 26.01.2020

	Saldo periodestart	Debet	Endringar i perioden <i>Budsjett</i>	Kredit	<i>Budsjett</i>	Saldo periodeslutt	<i>Budsjett</i>	Avvik
Bane								
5601 Anleggskostnader Trap	0,00	214 879,70	<i>kr 150 000,00</i>	83 000,00	<i>kr 0,00</i>	131 879,70	<i>kr 150 000,00</i>	<i>kr-18 120,30</i>
5603 Anleggskostnader Skeet	0,00	0,00	<i>kr 0,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	<i>kr 0,00</i>
5604 Anleggskostnader Sekretariat	0,00	148 635,69	<i>kr 0,00</i>	132 243,04	<i>kr 0,00</i>	16 392,65	<i>kr 0,00</i>	<i>kr 16 392,65</i>
5605 Anleggskostnader ikke rett til tilsk	0,00	108 901,56	<i>kr 75 000,00</i>	25 100,00	<i>kr 0,00</i>	83 801,56	<i>kr 75 000,00</i>	<i>kr 8 801,56</i>
5610 mva-refusjon	0,00	0,00	<i>kr 0,00</i>	355 720,00	<i>kr 355 000,00</i>	-355 720,00	<i>kr-355 000,00</i>	<i>kr-720,00</i>
Sum Bane	0,00	472 416,95	<i>kr 225 000,00</i>	596 063,04	<i>kr 355 000,00</i>	-123 646,09	<i>kr-130 000,00</i>	<i>kr 6 353,91</i>
Styret								
6100 Kontorhald/Kontingent	0,00	4 127,50	<i>kr 12 000,00</i>	24 975,00	<i>kr 25 000,00</i>	-20 847,50	<i>kr-13 000,00</i>	<i>kr-7 847,50</i>
6200 Stønader	0,00	0,00	<i>kr 0,00</i>	54 277,47	<i>kr 30 000,00</i>	-54 277,47	<i>kr-30 000,00</i>	<i>kr-24 277,47</i>
6300 Reiser/kurs	0,00	2 990,00	<i>kr 6 000,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	2 990,00	<i>kr 6 000,00</i>	<i>kr-3 010,00</i>
6400 Styret/Lagskveldar/Årsmøte	0,00	4 590,41	<i>kr 7 000,00</i>	343,87	<i>kr 0,00</i>	4 246,54	<i>kr 7 000,00</i>	<i>kr-2 753,46</i>
6500 Drift Vetteheim	0,00	31 480,75	<i>kr 40 000,00</i>	8 000,00	<i>kr 10 000,00</i>	23 480,75	<i>kr 30 000,00</i>	<i>kr-6 519,25</i>
6700 Frifond/Ungdomsarbeid	0,00	47 747,55	<i>kr 44 000,00</i>	42 627,00	<i>kr 44 000,00</i>	5 120,55	<i>kr 0,00</i>	<i>kr 5 120,55</i>
6800 Disponibelt for styret	0,00	1 211,30	<i>kr 5 000,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	1 211,30	<i>kr 5 000,00</i>	<i>kr-3 788,70</i>
6900 Drift Blekeld	0,00	11 645,25	<i>kr 15 000,00</i>	1 049,12	<i>kr 2 000,00</i>	10 596,13	<i>kr 13 000,00</i>	<i>kr-2 403,87</i>
Sum Styret	0,00	103 792,76	<i>kr 129 000,00</i>	131 272,46	<i>kr 111 000,00</i>	-27 479,70	<i>kr 18 000,00</i>	<i>kr-45 479,70</i>
Andre								
8100 Renter/Gebyr	0,00	474,25	<i>kr 1 000,00</i>	459,67	<i>kr 500,00</i>	14,58	<i>kr 500,00</i>	<i>kr-485,42</i>
8200 Årsavslutning	0,00	94 667,75	<i>kr 97 700,00</i>	0,00	<i>kr 0,00</i>	94 667,75	<i>kr 97 700,00</i>	<i>kr-3 032,25</i>
Sum Andre	0,00	95 142,00	<i>kr 98 700,00</i>	459,67	<i>kr 500,00</i>	94 682,33	<i>kr 98 200,00</i>	<i>kr-3 517,67</i>
Totalsummar	0,00	3 367 877,12		3 367 877,12			0,00	

*Tomodd Lundebo**Me har kontrollert bilag og finne reknuskapen i orden.**Vetteheim, 29.01.2020.**Arild Sanden.**Sigurd Dangstad*

Sak 4 Innkomne saker

Ingen innkomne saker.

Sak 5 Arbeidsprogram 2020

Planen styret har for dei neste åra skal

1. Danna grunnlag for ein diskusjon om kva oppgåver laget skal satsa på framover
2. Vera grunnlag for utarbeidning av arbeidsplanar for utvala for kvart år i perioden
3. Vera eit middel for å sjå om arbeidet i det føregåande året er i samsvar med målet vårt

Framlegg til vedtak: Styret bed om at planen vert vedteken med dei endringane som vert gjorde på årsmøtet.

Avsnitt A: Organisasjon	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Å knyta jegerar og fiskarar og andre interesserte saman til felles arbeid for å auke vilt- og fiskebestanden ved positive tiltak i arbeidsområdet til laget, å arbeida for human jakt og ferd i skog og fjell, å arbeida for betre dugleik i bruken av våpen og fiskereiskap.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Arbeida i høve til fylkeslag og forbund. Delta på samlingar skipa til av dei same.	Ein har jobba og fått hjelp frå fylkeslaget når ein har hatt behov for dette. Laget hadde: -2 deltagarar på Hardangerfjordseminaret. -2 deltagarar på fylkesårsmøtet -2 delegater til landsmøtet i NJFF	ja
2. Arbeida i høve til herad og fylkesmann	Skreve innspel og gitt støtte til knytta til lokalisering av fiskeoppdret ved Kvamsøy	Viktig at ØJFL følger med og deltar
3. Skulera tillitsvalde	Ingen aktivitet i 2019	ja
4. Satsa på ungdomsarbeid gjennom eigne aktivitetar/kveldar	Ungdomsskyting Opplæringsjakt Fisksommer	ja
5. Tilby interessante jakt-, fiske- og friluftsaktivitetar tilrettelagt for damer	Skytekveldar for kvinner, både rifle og hagle Lagsmeisterskap	ja

Avsnitt B: Jakt og viltstell	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Arbeida for å skaffa jaktrettar for medlemene, planleggja og gjennomføra viltstelltiltak. Arbeida for bruk av jakthundar. Arrangera jegerprøven.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Tilby hjortejakt	Opplæringsjakt for ungdom Øystese aust grl.	Ja, årleg
2. Arrangera jegerprøven	Ja	Ja, årleg
3. Tilby rypejakt og skogsfugljakt spesielt til ungdomar	Nei	Ja, sjå etter nytt terrengr. Prøve å få ungdom med på aktivitet i regi av NJFF.
4. Tilrettelegging av jaktområde	Nei	Ja, etter behov

Avsnitt C: Fiske	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Gjennomføra ynskjelege tiltak vedkomande elve- og ferskvassfisket, arbeida for å skaffa fiskerettar for medlemene.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Føra vidare arbeidet i Fitjadalen	Ja, og har også utført kultivering i Fugladalsvannet.	Ja, årleg
2. Setja rogn ut i klekkekassar i elva.	Nei, problem med vasstilførsel.	Ja, årleg
3. Organisera og ha ansvaret for fiskekortordningane	Fjellet: Har avtalar med Kyrkjevika hyttelag og Bergen og Hordaland turlag for gjester på Vending og Breidablikk turisthytter. Elles sal på MX-sport, Fitjadalen og Lie. Selt fiskekort for laks i Øysteseelva Organisert via Vipps.	ja
4. Rydda langs elva og leggja til rette nye fiskeplassar	Har fått ryddet og fjernet farlig avfall langs elva, har ikkje fått lagt til rette for nye fiskeplassar, men ikke mye.	Ja.
5. Arrangera fisketurar for juniorar	Nei	Ja, elvefiske for ungdommar
6. Drive stamfiske og fiske etter oppdrettsfisk i Øysteseelva	Nei, pga vassføring	Fortsetja å søkja om løyve frå Fylkesmannen og ungdomssatsing
7. Utbedring av området rundt parkieringsplass og grøft ved Blekeld.		

Avsnitt D: Jaktskyting	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Gje medlemene tilbod om instruksjon og opplæring i bruk av jaktvåpen, trening og konkurransar i jaktskyting.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Driva treningskveldar	Ja	Ja
2. Arrangera storviltprøven	Ja	Ja, Mai til September
3. Skipa til konkurransar for medlemene	Ja	Ja, både internt og eksternt
4. Eigne kveldar for juniorar og kvinner	Ja	Ja, fokus på å få med instruktørar/kursing
5. Vidareutvikle anlegga	Bygget faste jaktfelt hold, med tak over skiver.	
6. Ny bane i Vangdalsåsen	Bygga trapbane/sporting tilnærma ferdig	Ja
7. Halde hagleskytingsurs og eigne nybegynnarkveldar m/ instruktør	Kveldar for ungdom	Ja.
8. Halde standplassleiarkurs hagle og riflebane	Nei	Ja
Avsnitt E: Opplæring-Kurs	Sist revidert: 05.02.2020	
Mål: Driva jakt- og fiskerelaterte kurs for å auka dugleiken til medlemene og å møta krav frå grunneigarar og styresmakter.		
Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
I. A. Gjennomføra eller delta på kurs arrangert av laget eller av fylkeslaget B. Jegerprøven, C. praktisk/obligatorisk kurs D. Opplæring i skyting E. rifle/hagle og lading F. Fiskekurs G. Vilt- og fiskestellkurs, H. Jegeropplæring etter I. jegerprøven. J. Fadderordning.	2 stk på instruktørkurs for jegerprøve A) Jegerprøvekurs helde, opplæring i skyting med haglgevær og rifle for kvinner og ungdom. B) Kveld for ungdom med instruktør I Vangdalsåsen C) Litt opplæring I forbindelse med fiskesommer. D) Ikke avholdt E) Tilrettelagt for 3 stk opplæringsjakt for ungdommar	Ja Ja ja
II. Etter trøng skipa til andre kurs	Opplæringsjakt på hjort for ungdommar	Ja etter behov

Avsnitt F: Intern kontakt	Sist revidert: 05.02.2020
---------------------------	---------------------------

Mål: Syta for at medlemene vert dregne med i aktivitetar som går føre seg i laget.

Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Presentera det som skjer i laget eigen nettside og facebookside	Nettsida er oppdatert og det har blitt lagt ut informasjon om samtlige arrangement i laget. Facebook har også vert flittig brukt	Ja
2. Senda ut SMS i samband med aktivitetar og kurs	Ja, gått over til Telemeny for å forenkla utsending.	Ja
3. Alle kurs skal lysast ut i lokalavisa	Ja	Førast vidare, må vurdera kostnaden ved lysingane
4. Lagskveldar med eller utan program	Nei	Ja,
5. Fleire helgarrangement	Ja, fiskesommer og tiltak knyttet mot ungdom	Ja, 2-4 helgar

Avsnitt G: Ekstern kontakt	Sist revidert: 05.02.2020
----------------------------	---------------------------

Mål: Å skapa interesse og støtte for laget sitt føremål og arbeid.

Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Svara på dei høyringane som kjem til laget.	Ja,	Ja
2. Senda resultatlister etc til lokalavis(er)	Resultat frå rifleskyting kom i avis	Ja
3. Markera laget ved deltaking i andre arrangement.	Ja , deltatt på arrangement med grannehjelpa	Ja, ved høve

Avsnitt H: Vetleheim	Sist revidert: 05.02.2020
----------------------	---------------------------

Mål: Gjera Vetleheim til samlingspunkt for laget med faste aktivitetar. Halda huset ved like.

Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Lagskveldar med eller utan program	Nei	Ikke konkrete planer
2. Ny dør	Ikke byttet dør, har installert ny kodelås	Nei
4. Rydde hoved og kjeller etage		

Avsnitt I:Kvinner	Sist revidert: 05.02.2020
-------------------	---------------------------

Mål: Tilby interessante jakt-, fiske- og friluftsaktivitetar, tilrettelagt for kvinner.

Tiltak:	Gjort 2019:	Førast vidare/tidsrom:
1. Faste skytekveldar for damer	Ja	Ja

2. Opplæringsjakt for jenter – hjort	Tilbod frå Fylkeslaget	Ja
3. Utdanna lokale, kvinnelege hagleinstruktørar	Ikkje gjort	Samarbeid med Hordaland JFF
4. Utdanna lokale, kvinnelege rifleinstruktørar	Ikkje gjort	Samarbeid med Hordaland JFF
5. Informasjon om andre jenteaktivitetar i Hordaland	Kommunisert ut til medlemene via Facebook	Ja

Sak 6 Kontingent

Styret er innstilt på å halde same kontingent som i 2020. Framlegg til vedtak:

Kontingentsatsane for 2021 vert som fylgjer:

Senior m/tids Kr 150	Junior m/tids Kr 0	Junior u/tids Kr 0	Sidemedlem Kr 150	Familiemedlem Kr 75	Pensjonist m/tids Kr 75
----------------------------	--------------------------	--------------------------	----------------------	------------------------	-------------------------------

Sak 7 Vidareutvikling av viltmålbanen i Vangdalsåsen.

Laget har no drive viltmålbanen i Vangdalsåsen i 3 år. Det er kome ein del ynskje til endringar/utvidingar på banen, difor vil styret vil med dette be om tilslutnad om å

- 1) Starta planlegging av endringar. Kva endringar som skal gjerast er per no ikkje endeleg klarlagde. Det er kome fram ulike ynskje i den tida banen har vore i drift. Lista her er sikkert ikkje komplett og det vil kunna vera nokre av endringsforsлага ein ikkje går vidare med.
Det er kome ynskje om
 - a. eit lager
 - b. nytt sekretariat og at kjøkenet får vera kjøken.
 - c. Sluse mellom standplass og oppholdsrom
 - d. Breiare betongplate på standplass
 - e. permanente jaktfelthald med kulefang, lys (og elektronikk om mogleg). Avstandar mellom 25 og 120m
 - f. veg framfor 100-meteren
 - g. enkel standplass 40 m frå elgbanen for bjørneprøven.
- 2) Dersom planlegginga tilseier at me går vidare, skriva spelemiddelsøknad. Ved å få ein godkjent spelemiddelsøknad kan laget få dekka 1/3 av samla kostnad. Resten av kostnaden må dekkast ved dugnadsinnsats, evt tilskot og eigenkapital.
- 3) Starta arbeidet med deler av endringane. Det er teke høgde for at det vil verta brukt noko midlar på ombygginga i år i budsjettet.

Sak 8 Budsjett

	Utgifter	Inntekter
Jakt og Viltstellutvalet		
3100 Drift JVU	kr 2 000,00	kr 0,00
3150 Jegerprøven	kr 15 000,00	kr 30 000,00
Jaktskyttarutvalet		
3600 Drift JSU	kr 70 000,00	kr 25 000,00
3700 Stemne/Trening Hagle	kr 80 000,00	kr 110 000,00
3800 Stemne/Trening Rifle	kr 70 000,00	kr 100 000,00
3950 Oppgradering banar	kr 100 000,00	kr 0,00
Elveutvalet		
4100 Drift EU	kr 2 000,00	kr 0,00
4200 Fiskekort elva	kr 900,00	kr 3 000,00
Fiskestellutvalet		
4600 Drift FU	kr 2 000,00	kr 0,00
4700 Fiskekort fjellet	kr 4 800,00	kr 16 000,00
4800 Kultivering	kr 5 000,00	kr 0,00
Kvinneutvalet		
5100 Drift KVU	kr 8 000,00	kr 8 000,00
Styret		
6100 Kontorhald/Kontingent	kr 10 000,00	kr 25 000,00
6200 Stønader	kr 0,00	kr 30 000,00
6300 Reiser/kurs	kr 6 000,00	kr 0,00
6400 Styret/Lagskveldar/årsmøte	kr 7 000,00	kr 0,00
6500 Drift Vetleheim	kr 30 000,00	kr 10 000,00
6700 Frifond/Ungdomsarbeid	kr 25 000,00	kr 25 000,00
6800 Disponibelt for styret	kr 5 000,00	kr 0,00
6900 Drift Blekeld	kr 15 000,00	kr 2 000,00
Andre		
8100 Renter/Bankkostnader	kr 500,00	kr 500,00
8200 Årsavslutning/Underskot		kr 73 700,00
	kr 458 200,00	kr 458 200,00

Sak 9 Val